



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

## Høring av NOU 2011: 4 - Mat, makt og avmakt - om styrkeforholdene i verdikjeden for mat

NOU 2011: 4 Mat, makt og avmakt gjer grundig greie for utviklinga i daglegvaresektoren og styrkeforholda i verdikjeda for mat.

Fylkesmannen har sett på arbeidet som er gjort med beskriving av utviklinga, og av vurdering av konsekvensar for forbrukar og produsent.

Konsentrasjonen av makt i daglegvarehandelen grip inn i vilkåra for produksjon av mat i heile landet. Det har konsekvensar for distriktpolitiske målsettingar og for landbrukspolitiske målsettingar. Utvalet gir ei nøktern analyse av dette, og peikar på moglege tiltak dersom styresmaktene vil endre utviklinga.

Fylkesmannen vil peike på måla om auka produksjon av lokale spesialitetar til 20% innan 2020, og av 15% økologisk produsert mat. Ein flaskehals for begge desse måla er distribusjon og salg. Slik kjedene sin innkjøpspolitikk ser ut til å fungere, er det ikkje mogleg å satse på daglegvaresektoren for produsentar utanom dei mest sentrale strøka. Det betyr at produsentane er avhengig av å framby varene sjølv på stader der kundegrunnlaget er relativt lite.

Ein anna konsekvens er at innovasjon og nyskaping blir meir risikofyllt. Det er vanskeleg å få prøvd ut produkt i mindre målestokk.

Norske produsentar vil gjerne tilby eit stort mangfald av produkt med basis i landbruket, og forbrukarane vil gjerne ha høve til å prøve dette. Den sterke styringa av kjedene sine innkjøp hindrar dette, og gir eit lite utval av lokal mat og økologisk mat.

Fylkesmannen vil også peike på konsekvensar av at kjedene får kontroll over transportsida av matvarer. Det kan gi ulike vilkår for produsentar etter kvar dei er geografisk i forhold til kjedene sine terminalar.

Det er også viktig at funksjonar i marknadsregulering blir oppretthalde. For å ha ein sikker matproduksjon over heile landet må oppgåver som mottaksplikt vere klarlagt.

Fylkesmannen har ikkje vurdert tiltaka som utvalet har foreslått. Det viktigaste i prosessen vidare er at omsynet til måla i distriktpolitikken og landbrukspolitikken blir tilagt vekt.

Med helsing

Ottar Longva(e.f.)  
Fylkesjordsjef

Kari Wiggen

